

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6

Fylke: Møre

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Kvernes.

Emne: Folkelege musikkinstrument

Bygdelag: Nordmøre

Oppskr. av: L. J. Mork

Gard: Mork i Kvernes

(adresse): Afset

G.nr. 10 Br.nr. 8.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle og fortalt meg.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke) :

Bestemor mi, fødd 1829.

Bolk A.

SVAR

Instrument som det er spørsmål etter:

I. Fele. Her paa staden har etter det eg har hørt berre vore brukta vanleg fele. og kalla tyskfele. Hardingsfele er dels kome i bruk i seinare tid, men etter det eg forstaar er denne no paa retur.

II. Sjaa framanfor.

III - VI. Ukjend her.

VII Salmodikon - og kalla notestokk, var noko brukta i min barsdom av lærarar i folkeskulen, men er no gaatt heilt av bruk.

VIII - XVII. Ukjend her. Det einaste er kanskje seljefløyte og halmpipe, men desse var berre brukta av ungar til å lage "ulyd" med og kan vel neppe setjast ilag med musikkinstrument.

Bolk B.Byinstrument:

Av slike har eg berre hørt nemnd klarinett. Bestemor mi fortalte at klarinett tildels vart brukta saman med fele til aa spele til dans i den tid ho var ung, d.v.s. for omlag 100 aar sidan. I mi tid har dette eller andre slike instrument ikkje vore i vanleg bruk her. Her skal dog nemnast trekspill. eller som det oftaast vart kalla: "dragspill". Dette instrument var vanleg brukta, i all fall for minst 50 aar sidan, men det var halde for simplare instrument enn fele. I seinare tid er bruken av trekspillet sikkert auka.

Om alle framanfor nemnde instrument er aa nemna at dei mest var brukta til aa spela til dans. Dette gjeld sjølvsagt ikkje salmodikonen.

Bolk C.Larmeinstrument.

Av slike har eg berre hørt nemnd kraaksmelle. Korleis dette "instrument" var laga, kan eg ikkje gje nokon opplysing om, men det er meg fortalt at det vart brukta til aa skremme fugl, serleg kraake, med.

Samstundes maa eg kanskje nemna eit larmein-

strument som var kalla "vasshammar". Dette skulle vera eit hjul som var sett opp i ein bekk, og meddi hjulet vart dreve rundt av vatnet vart ein hammar løfta opp og slo ned att mot ein metallplate, t. d. ein gamal jarnspade. Om denne innretninga vart bruka til noko nyttigt, t. d. til aa skréma fugl med, veit eg ikkje. Helst trur eg det var noko som ungar leikte seg med.

Bolk D.

Mellomalderlege musikkinstrument.

Slike er ukjend her.

"

Etter at framanfor staa-ande er skreve er eg vorte merksam paa "Aalmene spørsmål O. s. b. i bok A!"

Til det skal eg svara: Bolk A. *File*:

- 1) Instrumentet er gammalt kjend og har truleg vore i bruk fraa svært gammal tid. Av namn paa dei einskilde delar av fela kan nemnast halsen, hesten og bogen. Til aa bera fela i, vart bruka ein kasse, som i gammal tid vert kalla felestokk.
- 2) Det ikkje raad aa seia kva tid fela kom i bruk her eller kor den kom ifraa.
- 3) Dei feler som var bruka her, vart truleg innførd fraa andre bygder eller kjøpt i Kristiansund eller Trondheim. Eg har ikkje høyrd om felemakarar her i bygda. Derimot gaan sagt om ein namnspord felemakar i Tingvoll på Nordmøre. Han skulle bu paa garden Hoem i Tingvoll. Kva tid han levde eller kva han heite, veit eg ikkje. Dei feler han laga, var kalla Hoemsfeler; og dei skulle som sagt vera sers gode. Om dette vil De truleg faa meir greie, dersom De har nokon hjelpeemann i Tingvoll.
- 4 - 12) Ikkje noko sers aa merka.
- 13) Av nolevande kan eg her nemna lærar Bjarne Megard, adr. Rokset, som sers flink felespellemann.

Mork den 1. desember 1947.

Med vyrndnad:

Gaar til Norsk Etnologisk Gransking, Bygdøy.